

endring



til dømes ikkje normalt å inviterer til bursdagsfeiring. Ein berre sette fram kake og kaffi og venta på at folk skulle koma innom. Alle var velkomne. Dersom ein hadde møtt opp utan invitasjon til nokon i Oslo, kunne ein risikert å forstyrre eit selskap ein ikkje var invitert i, seier ho.

– Det er nok heller besøkskulturen, og ikkje besøket, som har blitt endra. Dersom ein sykklar i Oslo på ein finvêrsdag, så ser ein at folk framleis er samla på kafear og utestader, seier ho. Såleis kan det òg vera ein skilnad i korleis folk i by og bygd møter kvarandre. Ein har ikkje dei same bar- og kafétilboda på dei mindre stadene i landet og er i større grad avhengige av at heimen vert ein slags møteplass. Kanskje det er derfor folk i distriktet kjenner seg litt meir heime hjå naboen enn det folk i dei større byane gjer.

MØTEST PÅ KAFÉ: I byar er det meir vanleg å møtast på kafé enn på bygda. Her frå Oslo, der Anne Korsnes (t.v.), Anna Ulvestad og Mette Haugen møtest til hyggjeleg samtale over ein kopp kaffi.

FOTO: TERJE BENDIKSBY / NTB SCANPIX



TEKNOLOGI:

Mobiltelefonen kan ha endra dei sosiale vanane våre.

FOTO: GORM KALLESTAD / NTB SCANPIX / NPK

► **Andrea Sørøy-NPK**
redaksjon@avisa-hordaland.no



TRAVELT: NordAccordion-festivalen som opnar i dag, tek mykje av tida til Geir Draugsvoll denne sommaren. FOTO: NILS KVAMSDAL

MIN SOMMAR

Geir Draugsvoll

Eigen festival tek tid

– **Beste sommarmat?**

– Eg er glad i salat året rundt, så eg kunne godt sagt Cæsar-salat. Men no vil eg vera lokalpatriot, så då seier eg Evangerkorv med heimelaga potetstappe til.

– **Sommardrikk?**

– Vatnet på Bidne. Me har eigen brunn, og vatnet vårt er betre enn dei fleste sitt. Når ein bur i ein storby som København og er van med vatnet der, er slikt gull verdt!

– **Sommarmusikk?**

– Eg er altetande når det gjeld musikk. Kva eg lyttar mest på no om sommaren heng litt saman med vår og stemning. Men det vert nok ofte klassisk musikk, og i sommar er det russiske komponistar det går i – og då særleg Prokofiev, Tsjajkovskij og Rachmaninov.

– **Sommarlektre?**

– Dette er den tida på året då eg i alle fall får lese litt aviser. Det høyrer kanskje ut som eit tinga svar, men når ein bur i utlandet er det eit privilegium å få lesa ting heimanfrå. Det er eigentleg den einaste måten eg kan halda meg oppdatert på saker eg elles aldri ville visst om.

– **Korleis har denne sommaren vore, så langt?**

– Etter at eg starta opp med NordAccordion-festivalen, ser eg at sommaren før festivalen er travel på ein annan måte enn før. Det er ikkje til å stikka under ein stol at det er mykje arbeid. Og når eg i tillegg skal spela sjølv på to av konsertane, går det også med ein del tid til øving. Elles i sommar har eg til dømes vore på Island og spelt i Nordens Hus. Eg trur det var fjerde gongen eg held konsert der, og det er alltid kjekt. Islendingane er bra folk!

– **Har du vore på ferietur i år?**

– Jau, me har faktisk fått sett av eit par veker til det òg. Me var i Den dominikanske republikk i Karibia. Der har me etter kvart vore mange gonger, og det er ein stad og eit klima som eg trur høver mine vossagener godt. Den dominikanske republikken ligg aust mot Atlanterhavet, og der er det alltid ein svalande vind som gjer at det ikkje vert for varmt.

– **Viss du fekk velja fritt, kvar skulle favorittferien leggjast?**

– Eg har vel alt snakka om Karibia. Men det går heller ikkje ein sommar utan at eg må vera nokre dagar på stølen. Me har både vårstøl og støl i Oppheimsdalen, og begge stader går det an å overnatta. Dei fyrste åra i København sakna eg frisk luft, naturen og fred og ro. Etter 33 år, er eg nok vorten ein bybuar. Eg er eit kulturelt menneske som får mykje inspirasjon av dei mange kulturtilboda i København. Men då er også stilla i naturen ein luksus.

– **Og i dag startar NordAccordion?**

– Eg gler meg og er spent, ikkje minst på vêret.

► **Nils Kvamsdal**

nk@avisa-hordaland.no